



# Felles Landbrukskontor ÅLA

## Administrativt vedtak

Saksansvarleg: Øi Knut Fredrik

Arkivsaknr.:  
18/342-24

Arkiv  
K1 - 233, K2 - K40

Sakshandsamar  
Øi Knut Fredrik, 57641200

Dato  
25.06.2018

### Tildeling av fellingsløyve hjort og elg - Aurland 2018

#### Kort samandrag

Ny bestandsplan for hjort vart vedteke i Plan og utvikling 4. juni. Tildeling av fellingsløyve følgjer denne planen. Tildeling av fellingsløyve for elg følgjer forskriftsfesta minsteareal og vedteken avskytningsmodell.

#### Vedtak:

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* tildeler Aurland kommune følgjande fellingsløyve i 2018:

- Elg 20 fellingsløyve
- Hjort 385 fellingsløyve

#### Vedlegg:

Elgvald Aurland innfylt 2018  
Fellingsløyve hjort Aurland 2018-2020

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt  
Naturmangfoldlova

#### Saksutgreiing/vurdering

Ny bestandsplan for hjort for perioden 2018-2020 vart godkjent i Plan og utvikling 04. juni 2018, i sak 18/342-8. Etter dette vart det sendt søknad om dispensasjon for at fellingsløyva skulle vera frie på kjønn og alder til Miljødirektoratet. Denne søknaden vart godkjent. Såleis vert fellingsløyva i planperioden 2018-2020 for hjort frie på kjønn og alder. Valda som ligg på nord/austsida av aurlandsvassdraget får minsteareal på 500 daa, medan valda på sør vestsida av aurlandsvassdraget har minsteareal på 1000 daa. Dei valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde får tildelt fellingsløyve for planperioden. Dei valda som ikkje er medlem av bestandsplanområdet får tildelt fellingsløyve for eit år av gangen.

Når det gjeld fellingsløyve for elg følgjer denne same mal som tidligare år. Løysinga med eit felles elgvald i heile kommunen med rikeleg med fellingsløyve og gode

samarbeidsopplegg, gjer at det ikke er naudsynt med endra tildeling for elg trass i det sentrale ønskje om auka felling av alle hjorteviltartane kring Nordfjella.

Bestandsplanen for hjort er vurdert etter Naturmangfaldlova.

Oversikt over tildelte fellingsløyve for hjort og elg er vedlagt.

Rådmannen tilrår tildeling av fellingsløyve for elg etter gjeldande minsteareal og avskytningsmodell, totalt 20 fellingsløyve. Rådmannen tilrår tildeling av fellingsløyve etter vedteken bestandsplan, totalt 385 årlege fellingsløyve.